



19 elevar og 19 pultar. Alle fekk sin skråpult med bibelsoga, songboka og salmeboka føre seg.

I dag var det 4 klasse på Uskedal skule som la skuledagen til det som var Haugland skulekrins med skulestove frå 1893. 19 elevar, ein lærar og ein assistent var med i fylgje. Alle fekk ei innføring med praktiske øvingar om skuledagen slik det var på ein liten krinsskule for 50 år sidan. Elevane var lydige og ingen vart sett i skammekroken eller fekk stryk.

På vel ein time vart det gjennomført ein skuledag i gamle dagar. Læraren hadde alpehue og starta dagen med salmesong og opprop. Berre ein elev var sjuk og hadde lovleg fråver. Ingen skulka skulen i dag eller måtte vera heime i slåtten. Elevane går i fådelt skule annankvar dag i veka og må dela klasserommet med 5. og 6. klasse. Dermed har alle ulike lærebøker alt etter kor langt ein er komen i skulen. Noko er sams. Det er mellom anna bibelsoga, song, skrivning og teikning.

I dag vart elevane i 4. klasse spurde i bibelsoga, landkunna og rekning. Kuleramma var god å ta det med innlæring av pluss og minus. Alle måtte på tavla å skriva namnet sitt med vakker skjønnskrift. Leksa i landkunna var fylka, fjordane og isbreane i Noreg, eit vanskeleg tema i ei tid med samanslåingar og nye namn.

Etter matpausen kom Pål Haugland til skulemuseet og fortalde klassen om det å vera elev på Haugland. Pål gjekk 6 år på Haugland før det vart framhaldsskule, realskule, folkehøgskule og lærarskule. Pål har mange gode minne frå tida si på krinsskulen oppe i dalen.

Det var sjølvsagt lagt inn friminutt, matpause og leikar ute på skuleplassen. Leikane kunne vera å kasta ball over tak (Andy). gjeppa. slå ball og gøyma og leita. Utedoen var i bruk, men det er mange vane med frå hytte- og friluftsliv.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Skjønnskrift høyrer med. Alle elevane måtte opp på tavla å skriva namnet sitt med si personelge skrift.